

**Språkåret:** Kommunikasjon er eit ord som møter oss nesten overalt. Vi kommuniserer med kvarandre kvar einaste dag.

# Kommunikasjon

## MENINGER

Jens Haugan



**V**i har kommunikasjons-teknologi, og vi har til og med såkalla kommunikasjonsekspertar.

Men har du nokon gong tenkt over at ordet kommunikasjon faktisk ikkje er norsk? Ein har snakka germansk og nordisk, som er ein variant av germansk, i fleire tusen år, og så bruker ein eit latinskt ord for det å utveksle tankar ved hjelp av språk.

Vi seier jo sjølv sagt også at vi snakkar, pratar eller talar med kvarandre. Desse tre orda tyder først og fremst å bruke språk. Her er det berre det siste ordet som er norsk. Snakke og prate er lånt frå nedertysk via hanseatane.

I gammalnorsk kunne ein elles t.d. bruke rœða, som vi framleis har som røde. Men dette ordet blir ikkje brukt så mykje lenger. Elles kan ein jo alltid utveksle nokre ord.

■ Dei fleste norske eller fellesegermanske uttrykksmåtane handlar altså om å bruke språk på ein eller annan måte. Kva er då så spesielt med ordet kommunikasjon?

Det som er litt interessant når det gjeld ordet kommunikasjon, er at det faktisk i utgangspunktet ikkje nødvendigvis har noko med språk å gjøre. Det latinske ordet communicatio tyder først og fremst å gjøre noko saman. Ein



**SAMTALE:** Ein kan jo snakke, prate, tale, røde så mykje ein vil, og til ein blir blå, men det tyder ikkje alltid at ein gjer noko saman med nokon andre, skriv Jens Haugan.

FOTO: SARA JOHANNESEN / SCANPIX

kan jo snakke, prate, tale, røde så mykje ein vil, og til ein blir blå, men det tyder ikkje alltid at ein gjer noko saman med nokon andre.

Ofte kan ein vel føle at nokon pratar og pratar og ein sjølv har meldt seg ut for lenge sidan. Kommuniserer ein då?

■ Kommunikasjon blir elles også bruk om samband og samferdsel, dvs. det som fører folk saman. Ein kan då også tenkje seg at ein sender ein bodskap via eit samband mellom menneske.

Innanfor kommunikasjonsteknologien handlar det ofte om å sende elektroniske «pakker». Då er ein som regel nögd når kommunikasjonen fungerer reint teknisk.

Men når vi menneske kom-

muniserer med kvarandre, er det gjerne mykje meir som skal til.

Det er ikkje alltid nok å snakke eller forstå det same språket, dvs. dei reinte tekniske signala som vi bruker for å pakke inn bodskapen.

Menneskeleg kommunikasjon føreset rett og slett eit samarbeid. Ein kan ikkje berre snakke, prate, tale, røde og rekne med at det som kjem ut, også kjem fram.

Ein må ta omsyn til mottakaren, og mottakaren må gjere ein innsats for å tolke bodskapen i beste meinings. Meininga er eit felles produkt, eit samarbeidsprodukt.

■ Det er i grunnen litt trist at vi ikkje har eit godt norsk ord for kommunikasjon. Det er noko teknisk over dette ordet, og det er så pass abstrakt at mange ikkje utan vidare vil skjønne heile innhaldet i ordet.

Det nærmaste ein kjem, er kanskje ordet samtale, men det har altså ikkje nødvendigvis samarbeidsaspektet i seg. På den andre sida kan ein jo prøve å bli litt meir bevisst på kva ein gjer når ein pratar saman, og då får samtalen kanskje nettopp den tydinga han burde ha.

“

**Menneskeleg kommunikasjon føreset rett og slett eit samarbeid. Ein kan ikkje berre snakke, prate, tale, røde og rekne med at det som kjem ut, også kjem fram.**

JENS HAUGAN

■ Ivrig korpsmusiker, får hun ikke gitt det kulturhuset hun seg ved Stortorget.

Solveig Seem ser øve på sitt instrument, disse fine glassveggene ikke savne de billige Sangens og Musikkene.

Alt er bra i det nye øyne. Også plasseringa.

Det har ryktes en del, om at glasshuset store moteordet for. Som skulle ha ansvaret sing av store, offentlige blankt glass i enorm rammet i svart metal.

I Hamar kan verken re eller arkitekt ha med å se på den plas til rådighet.

Eller hvordan na ut, som lå der. Noe som danner forutsetninga, dan ethvert nybygg smes, og hvor stort det være.

Gamle Basarene lå gamle smykke. Ny nennsomt utformet, i på oversiden – Folket formet i «trygg» teglme stilene.

I dette miljøet, hele tiden har vært taksporet, blir så det

GI ALLE LIK MULIGHET

## Å studere

■ Ferske tall fra Lviser at antallet studenter fikk omgjort stipend grunnet for høy inntekt med 2.100 studenter oppe i hele 41.700.

I tillegg jobber heile norske studenter ved studiene. Unge Venstre lik mulighet til å studere.

■ Statistikken fra Lviser tydelig at studietidet er så lav at stadig flere må nødt til å arbeide med studiene for å få et til å gå rundt.

Selv om det ikke hele juni, må man finne sted å bo og mat i k. Det er enormt vanskeleg sommerjobb i Norge studenter blir derfor jobbe hele året, noe sviktig tid fra lesesale